

**Vi viser til Dykkar krav om fleire opplysningar datert 24.01.22 samt e-postar og telefonsamtalar vedkomande søknad om bruksendring på GBNR 214/97 Alver kommune, med adresse Litlevågsbrotet 31, 5913 Eikangervåg.**

Pkt. 1- Vi legg ved situasjonskart for eigedomen oppdatert etter gitt ferdigattest i sak nr. 139/22 datert 4/2-22.

Pkt. 2- Vi legg ved oppdaterte teikningar der det som er omfatta av søknaden er synleg gjort med gul markeringsfarge.

Pkt. 3- Vi legg ved skjema for ansvarsrettar og gjennomføringsplan for arbeid som omfattar ny bruk av areal.

Pkt. 4- Bustaden har kommunal vassforsyning. Jfr. Ferdigattest Sak 667/21 «Skilding». Vi legg også ved oppdatert skjema med opplysningar om ytre rammer.

Pkt. 5- Vi søker om unntak frå TEK i samsvar med Pbl § 31-2, 4 ledd for krav til måling av lekkasjetal. Dette ut frå at det ikkje lar seg gjere å sikre at overgang til eksisterande konstruksjon vert tett nok og vil dermed påverke resultatet. Vedkomande eksisterande del av konstruksjon som er gitt ferdigattest som fritidsbustad i Sak 667/21 meiner vi at då denne er oppført i samsvar med krav i TEK 10 har svært gode løysingar der dei fleste er uendra i ny TEK 17. Det vil etter vårt syn påføre tiltakshavar uforholdsmessige kostnader å etterprøve og eventuelt oppgradere konstruksjonen. Vi meiner ombygginga er forsvarleg og nødvendig for å sikre hensiktsmessig bruk og også vil føre til lågare energibruk. Sjå vedlegg merka 5.

Nye konstruksjoner som vist på vedlagte teikningar vil byggjast i samsvar med TEK 17.

Pkt.6- Vi legg ved signert varsel frå eigar av GBNR 214/94.

Pkt. 7- Vi viser til vedlagt situasjonskart.

Pkt. 8- Vi kan ikkje sjå at bustaden ligg innafor støysone. Vedlagt kartutsnitt som viser avstand til E39 som er om lag 835m. Vedtektene reguleringsplanen har truleg hatt knuseverk i tankane. Dette er nedlagt.

Pkt. 9- Vi kjenner ikkje til at det er sett krav til brannteknisk dokumentasjon for einebustad ut over krav til rømningsveg. Bustaden vil oppfylle krava til to rømningsvegar. Sjå vedlagte teikningar.

Pkt. 10- Vi legg som nemnd ved nye teikningar der det går tydeleg fram kva nytt areal som vert tatt i bruk som bustad formål.

Kolstad 12/4-22

**Ing. Taule AS**



Karl Atle Taule